01/26 Innkalling til møte i Strandebarm sokneråd

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 29.01. kl 19.00-21.00

Meld forfall til Margun, tlf 909 22 572/ mmtordal@gmail.com eller Tor Håkon tlf 408 84 271

Opning: Jorunn

SAKLISTE:

Sak 01/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 04.12.25.

Sak 02/26: Meldingar

Sak 03/26: Konsert med profesjonell artist. Kva betalingsmodell skal soknerådet velja?

Sak 04/26: Konfirmasjonsfest hausten -26?

Sak 05/26: Kyrkjemusikalsk arbeid. Sak frå kyrkjeverja. Sjå vedlegg.

Sak 06/26: Rekneskap. Oversikt. Til orientering.

Sak 07/26: Årsmøte i kyrkjelyden. Tidspunkt. Saker.

Sak 08/26: Eventuelt

----------**----------**

VELKOMMEN TIL MØTET! Kjekt å treffast igjen i det nye året!

Sakspapir blir skrivne ut til møtet.

For soknerådet

Margun Mikkelsen Tordal

Sakliste:

01/26: Godkjenning

Framlegg til vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøtet 04.12.25 vert godkjende.

02/26: Meldingar

Framlegg til vedtak: Framlagde meldingar blir tekne til vitande.

- Utlodninga av kunstbilda som soknerådet fekk av Gertrud Kilgert blei særs vellukka. Det same kan ein seia om konserten. Det blei ein del utgifter fordi det måtte kjøpast ramer til 30 små bilde. Dessutan skulle mannskoret Laudamus ha 3500,- for oppdraget. Det kom ca 40 betalande publikummarar.
  Likevel set soknerådet igjen med ca 18.000 kr som går til «Kyrkjemusikalsk arbeid». Musikalske innslag i kyrkjejubileet som krev betaling, blir finansierte frå denne kontoen.
- Programnemnda har jobba mykje med spørsmålet om profesjonell artist på fredag 28.08.26. Det er fyrste dag i jubileumshelga, og fleirtalet i nemnda har ynskje om å skapa blest om jubileet ved å invitera ein profesjonell artist denne kvelden. Sjå meir om dette under sak 03/26.
- Fasteaksjonen er i år i kyrkja 22.03 og konfirmantar er i aksjon med innsamling i bøsser tysdag 24.09. Det er berre 8 konfirmantar i år. Det betyr at mange i kyrkjelyden må engasjera seg i køyring/ innsamling dersom det skal lukkast å nå alle heimar i heile soknet.
  NB! Konfirmantane og foreldre/ andre som køyrer får alltid bollar og drikke som «belønning» for innsatsen.
  AU har ordna på «rodekartet» slik at det blir meir overkomelege rodestorleikar Det er laga 19 rodar (18 tidlegare) og husnr er spesifisert der det kan vera tvil om «grensene» for rodane.
- **NB! Dato for neste soknerådsmøte er endra frå 05.03. til 19.03.** Det er etter ynskje frå kasserar som då kan vera med på møte og orientera om rekneskap og økonomi.
- Konfirmantfesten blir i år 26.04 etter samtalegudstenesta med konfirmantane kl 11.00.
- Lars Gjerde har i mange år vore kasserar for kyrkjelydshuset og har no sagt at han vil slutta. Det blir arbeidd med å få ein erstattar. Soknerådet må gjerne koma med forslag. Elles samarbeider me med Gunnar Helle om kva me skal gjera. Lars får eit kunstbilde og blomebukett frå soknerådet som takk for langvarig arbeid!

03/ 26: Profesjonell artist. Kva betalingsmåte skal soknerådet velja?

Betalingsmåtar: Sitat frå manager sin mail til Olav Skeie Lid:

«Enten en fastpris, eller en pris basert på en minstegaranti og en splitt av overskudd. Fastpris vil nok ligge rundt kr 80.000,- pluss teknikk/ reise/ opphold, en splittavtale vil antagelig innebære en minstegaranti på 40.000,- pluss splitt 70/ 30 etter breakeven.

Framlegg til vedtak:

Olav, kyrkjeverje er spurd til råds kva betalingsmåte soknerådet bør velja. Soknerådet vil koma tilbake til vedtak når det er kome råd frå kyrkjeverja.

04/26: Konfirmasjonsfest hausten -26?

Framlegg til vedtak:

Dersom 50-års jubilantane går inn for ein jubileumsfest hauste-26, vil soknerådet fylgja opp med å vera arrangør for denne. Me kan berre vera arrangør dersom jubileet blir sundag 27.09. kl 11.00.

Margun fekk ein hyggeleg telefon frå 50-års konfirmantjubilant 2026. Han ynskte at invitasjonar og fest kunne vera eit samarbeid mellom jubilantane og kyrkja. Han tenkte at det blei meir høgtidleg og fint dersom kyrkja inviterte. Jubilantane ordnar sjølve med å finna epostadresser sidan kyrkjekontoret ikkje lenger har lov til å senda ut jubilantane sine adresser til soknerådet.

Det er førebels berre ei sondering om jubilantane er interesserte.

Gudsteneste i sept er 13. og 27. Den fyrste er for tidleg ift at soknerådet har hatt jubileumshelg og hatt mykje ansvar berre eit par veker tidlegare.

Dersom me skal gjennomføra festen, må me kjøpa både kaker og middag slik at det ikkje blir

05/26:

Framlegg til vedtak: Soknerådet går inn for å fylgja forslaget til kyrkjeverja om å setja inn ein valfri sum til kyrkjemusikalsk arbeid i budsjettet vårt, og overføra denne til kyrkjeverja sin konto kvart år.

Sjå vedlegg med mail frå Olav.

06/26: Rekneskap. Oversikt. Til orientering.

Framlegg til vedtak: Rekneskap slik det framligg blir teke til vitande.

Sjå vedlegg.

Sak 07/26: Årsmøte i kyrkjelyden. Tidspunkt. Saker.

Framlegg til vedtak: Strandebarm kyrkjelyd held sitt årsmøte 22.03.26. etter gudstenesta kl 11.00.

Leiar oppfordrar soknerådet til å koma med saker som ein vil ta opp på møtet som er viktige for kyrkjelyden og /eller soknerådet.

Sak 08/26: Eventuelt